



SELJORD KOMMUNE UNDERVISNINGSSEKTOREN

Seljord kommune ligg sentralt i hjarta av Telemark med storslått natur og gode friluftstilbod. Kommunen har rike kunst- og kulturtradisjonar. Det er eit godt utbygd barnehagetilbod, 4 grunnskular, vidaregåande skule, folkehøgskule, kulturskule, symjehall og kulturhus med idrettshall. Innbyggjartalet er ca. 3000.

Seljord kommune har ledig:

100 % fast stilling som styrar i Flatdal barnehage frå hausten 2012.

Vi søker etter ein engasjert og utviklingsorientert styrar med førskulelærarkompetanse som har lyst til å utvikle det pedagogiske miljøet i Flatdal barnehage. Du må vere samarbeidsvillig, initiativrik, strukturert og positiv. **Personleg dugleik vil bli vektlagt.**

Det er bestemt at Flatdal barnehage skal utvidast og arbeidet med å rehabilitere og utvide barnehagen er i gang. Den som blir tilsett må rekne med å bli involvert i denne prosessen der målet er å vere ferdige til oppstart av nytt barnehageår.

Barnehagen er lokalisert rett ved sida av Flatdal skule og vil ha om lag 26 plassar når den er ferdig.

Seljord kommune har gjennom fleire år satsa på språkutvikling i barnehagen, og fekk i 2010 Nynorskprisen for systematisk arbeid innanfor dette området. Språksatsing er eit sentralt utviklingsområde for alle barnehagane også i tida framover.

Oppstart frå 1.8.2012.

Spørsmål om stillingane kan rettast til kommunalsjef Ronde Schade, tlf 35 06 51 05.

Lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med lov, regelverk, avtalar og kommunale vedtak. Gje opp referansar.

Det vil bli gjennomført intervju med aktuelle søkjarar.

Det er krav om politiattest ved tilsetting i skule og barnehage.

Seljord har nynorsk som skriftspråk.

Send søknad med kopi av vitnemål og attestar til:

Seljord kommune, Personlrådgevar, Brøløsvegen 13 A, 3840 SELJORD.

Søknadsfrist 14.2.2012.